

REGULERINGSPLAN I TILKNYTNING TIL REGULERINGSPLAN FOR
STRAUMGJERDE SYKKYLVEN KOMMUNE

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.

§ 2

Føresegnene er gitt for eit område med areal for:

I - BYGGEOMRÅDE -

- a) Bustader
- b) Offentlege bygg, institusjonar
- c) Industri
- d) Forretningar

II - TRAFIKKOMRÅDE -

Herunder vegar, gangvegar og fortau

III - FRIOMRÅDE

IV - FELLESAREAL

§ 3



Desse føresegnene kjem i tillegg til bygningslova og gjeldande vedtekter for Sykkylven kommune.

§ 4

Etter at desse føresegnene har teke til å gjelda, er det ikkje lovleg ved private særrettar å skipa tilhøve som strir mot føresegnene.

I BYGGEOMRÅDE

- a) Bustader

§ 5

I feltet skal det byggast ope og villamessig. Bygningane skal ha ei arkitektonisk form som er tiltalande både i seg sjøl og i høve til omgivnaden.

§ 6

Det kan byggast eine- og tomannsbustader i ei eller to høgder. Høgda frå lendet til raft skal ikkje vera meir enn 6,2 m og ingen gavlvegg må vera høgare enn 9 m.

§ 7

Bygningane skal plasserast innafor dei regulerte byggelinene. På inga tomt må ein bygge frå meir enn 1/5 av nettotomteareal, garasje ikke medrekna.

§ 8

Saman med byggemeldinga skal det sendast inn situasjonskart med høgdeliner, og det må gå tydeleg fram korleis tomta skal planerast. Der planeringa vil krevje støttemur mot grannetomt, kan bygningsrådet gi påbod om at planeringslina skal senkast eller hevast i samsvar med lendet, så støttemuren ikkje vert for høg.

§ 9

Bygningsrådet skal føre tilsyn med valet av takvyrke og takfargar, slik at ein får mest mogleg harmoniske bustadgrupper.

§ 10

Gjerde mot veg må i kvart einskilt tilfelle godkjennast av bygningsrådet.



§ 11

Garasjer eller overbygde bilplassar må plasserast slik i høve til våningshus og grannehus at det vert god arkitektonisk verknad. Garasjer som tilbygg til bustadhus skal ikkje reknast i byggevidda, kfr. §7. Garasjer kan og byggast i grannebyte. Det skal i tillegg vera oppstillingsplass for minst ein bil på eigen grunn sjølv om garasje ikkje vert bygd. Inn- og utkjørsler ved garasjen skal vera oversiktlege og trafikksikre. Ein garasje kan byggast berre i ei høgd. Grunnflata på garasjen må ikkje vera større enn 40 m².

b) Offentlege bygg, institusjonar.

§ 12

Områda skal nyttast til offentlege bygg og institusjonar og til nødvendige garasjer, uthus o.likn. Det er ikkje løyve til å innreiia bustader med unntak av slike som etter bygningsrådet sitt skjønn er nødvendige for drifta av anlegget, så som vaktmeister-bustad.

§ 13

Bygningane skal plasserast innafor dei regulerte byggelinene, og skal ikkje byggast i meir enn 2 høgder. Høgda frå lendet til raft skal vera meir enn 6,5 m.

c) Industri

§ 14

Områda skal nyttast til industriformål. Forretningar kan innreiast når dei etter bygningsrådet sitt skjønn ikkje fører til ulemper eller hinder for offentleg ferdsel.

§ 15

Ein kan ikkje tillate industriverksemd og anna verksemd som etter bygningsrådet sitt skjønn kan føre til ulemper for strøket, så som ståk, røyk, lukt el. likn.

§ 16

Bygningane skal plasserast innafor dei regulerte byggelinene og skal ikkje byggast i meir enn 2 høgder. Høgda frå lendet til raft skal ikkje vera meir enn 6,5 m. Bygningsrådet kan tillata mindre avvik dersom omsynet til lys og utsyn for dei omleggande bygningane gjer dette mogleg.

§ 17

Lasting og lossing av varer skal skje på eigen grunn.

§ 18

Ein skal så langt råd er unngå opplagsplassar og skjemmande tekniske anlegg. Desse skal i tilfelle skjermast av bygg eller gjerde etter bygningsrådet si avgjerd.

d) Forretningar.

§ 19

Bygningane kan nyttast til forretningar med nødvendige lagerrom og til kontor. Bustader kan innreiast over forretning.

§ 20

Bygningane skal vera mest mogleg samanhengande.

§ 21

Bygningane skal ikkje byggast i meir enn 2 høgder. Høgda frå lendet til raft skal ikkje vera meir enn 6,5 m. Bygningsrådet kan tillate mindre avvik der dei finner det nødvendig av omsyn til lende og/eller eksisterande bygningars.

§ 22

Mot gate skal bygg oppførast i samsvar med dei regulerte byggelinene. Bygningsrådet kan tillata at 2.høgda vert trekt inn frå byggelina.

§ 23

Lasting og lossing av varer skal skje på eigen grunn.

Sams føresegner for byggeområde.

§ 24

Kioskar, utsalsbuer osv. kan berre byggast der det etter bygningsrådet sitt skjønn ikkje fører med seg ulemper for ferdsla eller dei som bur ikring.

§ 25

Bygningsrådet kan i samband med byggemeldingar krevja utarbeidet riss av heile husgrupper eller gateparti.

§ 26

Saman med byggemeldinga må sendast inn særskild plan som syner alle anlegg som vil skjera takflata, og anlegga må teiknast inn på fasaderissa.

§ 27

Det skal i samband med kvart einskild anlegg reserverast plass til oppstilling av så mange bilar som bygningsrådet finn nødvendig for drifta av anlegget. Desse skal vera på eigen grunn eller på grunn sams for fleire anlegg. Parkering i bustadfelt skal skje i samsvar med § 11.

II TRAFIKKOMRÅDE

§ 28

Hovud- og samlegevegar skal vera fasadefrie, og det vil ikkje verta gitt løyve til avkøyring frå desse utover det som er vist på planen.

III FRIOMRÅDE

§ 29

Bygningsrådet kan i särlege høve og når det ikkje går ut over bruken av friområdet, godkjenne oppføring av naust i friområdet ved Straumen.

Stadfestet i Molde, den 3.6.77

Hans. Ferum